

Bygnings- og bumiljøprisen 2016

Bygnings- og bumiljøprisen vert delt ut for 9. gong i 2016

Prisen vert delt ut av

- Nordhordland Rotaryklubb
 - Nordhordland næringslag
 - Bondelaga i Nordhordland
 - Strilen
 - Region Nordhordland (NUI)
-
- Historie tilbake til 1991 med sak i Regionrådet
-
- Prisen vert gjeven til einskildpersonar, grupper, organisasjonar, verksemder eller kommunar som har medverka til betre byggeskikk og bymiljø i Nordhordland.
-
- Det kan vera restaurering av bygg, nybygg eller utanomhusanlegg, t.d. bustadhus, garasje, naust, grupper av bygg, offentlege bygg eller bustadområde.
-
- Energiøkonomisering, farge- og lyssetting, skilting, hage- og grøntanlegg knytt til ytre bygningsmiljø er faktorar juryen vil leggja vekt på i si vurdering. Det same gjeld materialval og produktutvikling.
-
- Ikke noko er anlegg er for lite eller stort til å vera føreslegne som vinnar av prisen. Det er heilskapen som er avgjerande. Prisen kan og gå til veganlegg i privat eller offentleg regi.
-
- Lesarar, lag og organisasjonar, verksemder og kommunar kan koma med framlegg til kandidatar til denne spesielle prisen.

Bygnings- og bumiljøprisen 2016

Vedtekter:

1. Bygnings- og bumiljøprisen er sett opp av Nordhordland Rotaryklubb, Nordhordland næringslag, Bondelaga i Nordhordland, Region Nordhordland og Strilen
2. Prisen vert gjeven til einskildpersonar, grupper, organisasjonar, verksemder eller kommunar i Nordhordland.
3. Føremålet med prisen er å stimulera lokale bygningstradisjonar, vidareutvikla desse og skapa gode bygnings- og bumiljø som er landskaps- og miljøtilpassa. Vidare er den meint å hjelpa til med å utvikla tettstadane og sentra til harmoniske handle- og møteplassar, og gjennom byggeskikk få til verdiskaping, nye arbeidsplassar og trivsel i regionen. Prisen vert gjeven etter ei samla vurdering
4. Prisen er kunstverk med inskripsjon og diplom.
5. Juryen er samansett av representantar frå Nordhordland Rotaryklubb, Nordhordland næringslag, Bondelaga i Nordhordland, Region Nordhordland og Strilen. Juryen kan sjølv velja ein medlem frå velforeining, senterforeining eller bygdelag.

Bygnings- og bumiljøprisen

Tidlegare vinnarar

- 2014:
- 2012: Radøystova. Arve Gjellsvik og Janne Pletten
- 2010: Langeland gård. Frank Rune Dale
- 2008:
- 2006:
- 2004:
- 2002:
- 2000:
- 1998:
- Rune Tjore, Tun Radøy
- Kålås & Sønn: Nordgardshaugen, Frekhaug
- Radøy kommune, Pumpehus i stein og torv v/Nesvatnet på Manger
- Agnar og Anders Konglevoll, Vågseidet, Bygdetun
- Modalen kommune, Bryggjeslottet